

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 04.09.2014

SAKLISTE

- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- FORSKRIFT OM POLITIVEDTEKT FOR GULEN KOMMUNE
- ETABLERING AV SELSKAPET REGION NORDHORDLAND HELSEHUS IKS (RNH). GODKJENNING AV SELSKAPSAVTALE.
- REGULERING AV INVESTERINGSBUDSJETTET 2014
- REGLEMENT FOR SAL AV KOMMUNALE BUSTADTOMTER, NÆRINGSTOMTER OG ANNA AREAL - ENDRING AV PUNKT 6.

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 13.00.
Sakstifanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordførar

Ord frå ordføraren

Ein fantastisk fin sommar er no på hell, vermessig har den vore den flottaste vi har hatt på lenge. Det er òg mange andre fine opplevingar vi vil hugse frå denne sommaren: Siste helga i juni hadde vi 200-årsmarkering av Grunnlova her i Gulen. Den gjekk av stabelen i eit strålende vêr, mange gjestar både frå inn- og utland og med eit veldig flott program. Fantastisk å sjå alle smilande og fornøgde menneska som var med på denne feiringa.



Utkantfestivalen i juli var likeeins ein stor suksess, med ny publikumsrekord, ein ekstra dag med konsertar og eit strålende vêr. Desse to arrangementa har gjeve kommunen vår mykje god reklame i media. Ord som "magisk oppleving" og alle bileta av ein natur som berre fins her ute på kysten, gjev oss mykje positiv merksemd.

No i august gjekk landsskyttarstemne av stabelen i Sandnes, og frå Gulen var der mange utøvarar med, og dei yngste gjorde det spesielt godt. Det var fleire av både rekrutter og juniorar som kvalifiserte seg til finalen. I skogsløp med skyting vart Christian Hjartholm Solheim norgesmester i rekruttklassen og Benedikte Oppedal vart nr. 3 i Juniorklassen. Gratulerer så mykje til dykk begge. Ein fantastisk god innsats, og det ser lyst ut for framtida i skytesporten.

Det er mykje å glede seg over i kommunen vår, og dei frivillige organisasjonane våre er dyktige til å få ting til å skje.

Framleis god sommar til dykk alle.

Hallvard Oppedal

Varsling 24

Kommunen har no inngått avtale med Fram Web om varslingsstenesta Varsling 24, sjå www.varsling24.no. Det gjer at kommunen raskt kan informere om plutslege situasjonar og liknande via SMS og/eller talemelding.

Systemet vil i fyrste omgang verte nytta i situasjonar som gjeld vatn, avlaup, beredskap, hjortevald og tilsvarande.

Varslingssystemet er integrert med eit kartsystem der det er mogleg å setje i verk befolkningsvarsling og gruppevarsling.

Dette er eit tilbod til innbyggjarane der kommunen legg til rette for at den einskilde kan bli varsla.

Bli varsla! Varsling 24 nyttar opplysningstenesta 1881. Sjekk derfor om dine opplysningar er rett på www.1881.no. I tillegg er det mogleg å legge til fleire telefonnummer på seg sjølv og for verksemdar, sjå www.varslemeg.no. Det er ditt eige ansvar å sikre at opplysningane er rett.

Frå midten av september kjem det to småbarnsfamiliar frå Syria som blir busett i Eivindvik



Frå midten av september kjem det to småbarnsfamiliar frå Syria som blir busett i Eivindvik. Det er fire vaksne og fire barn i barnehage- og skulealder, altså åtte av dei ti flyktingane kommunen har vedteke at me skal busette i år. Vedtak om dei to siste kjem i løpet av hausten. Dersom nokon kunne tenke seg å vere kontaktperson eller kontaktfamilie for desse familiare kan de ta kontakt med flyktning-konsulenten. Det er ein fin måte for flyktingane å få eit lite nettverk på deira nye heimstad, og ein god måte å ønskje dei velkommen.

Takk til alle som har tatt kontakt for å gje vekk diverse møblar og liknande. Det er framleis nokon ting me treng som me kan vere interesserte i å ta imot;

- Køyseng
- Salongbord
- Gardiner
- Kjøkkenstolar
- Skrivebord
- Kontorstol
- Leikar

Dette kan leverast etter avtale med flyktningkonsulenten.

Eirik Høydal, Flyktningkonsulent
Tlf: 57 01 63 36 / eirik.hoydal@nav.no

Plan-nytt



Nærare informasjon finn du på heimeside under www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt

I dag pågår 11 arealplanar, blant anna følgjande:

Kommuneplanen for Gulen kommune

2012001 Arealdelen er godkjent i kommunestyremøte 12.06.2014 med mindre endringar, sjå «Plan Nytt» på heimesida.

Reguleringsplanar

Handsaming etter 1. gongs høyring:

2012004 Åmdalsvik hyttegrend, gbnr. 40/1 Nyborg

Planarbeid pågår

2005007 Krekebærtua
2008001 Taskebotn hytter
2009005 Dingeneset sør hyttegrend

2010008 Nappen hyttefelt, Mjømna
2011001 Storevågsneset, Brandanger
2011004 Kvernevågen, Næring og hyttefelt
2013003 Gulen industrihamn, regulerings-
endring
2014001 Gangstøklubben, rorbuer Eivindvik

Høyring planoppstart

2014002 Brandanger gbnr. 75/1,3,5 spreidd bygg. Høyringsfrist 01.09.2014

Melding om planoppstart

2014003 Veg Skipavika – Brandangerbrua Fv4

Anna plan-nytt

- Oppstart av muligheitsstudie for bygde-utvikling for Dalsøyra med omsyn til idrettspark
- Utarbeiding 20 prioriterte trafikktryggings-tiltak
- Høyring vedk. regional plan for vassregion Hordaland, gjeld Yndesdal vassdrag. Høyringsfrist 31.12.2014

Framleis problem med tett kloakkpumpe på Byrknes



Moppar, filler, klutar og liknande skal aldri kastast i toalettet! Kloakken er heller ikkje eit avfallsdeponi.

Dette var også ei sak i infoposten nr 2/14.

Kommunen ber igjen om at innbyggjarane tek denne tydleige meldinga til etterretning.

Søknad om SMIL-midlar og tilskot til drenering 2014

Fristen for innsending av søknad om SMIL-midlar (Spesielle miljøtiltak i jordbruket sitt kulturlandskap) er 20.09.2014. Kommunen fekk tildelt kr 220 000,- i 2014, og det er framleis att midlar.

Alle som eig ein landbrukseigedom – eller som har ein avtale med eigar av slik eigedom, kan søkje. Typiske SMIL-tiltak kan vere rydding av gammalt beite og restaurering av eldre bygningar og steingardar.

Fristen for å søkje om tilskot til drenering av tidlegare grøfta areal er 20.09.2014. Tilskotet er på kr 1 000,- per dekar ved systematisk grøfting, omgraving eller profilering – eventuelt kr 15,- per løpemeter grøft ved anna grøfting.

Innmelding av spelemiddelsøknadar for 2015

Kommunal prioritering av spelemiddelsøknadar til idrettsanlegg for 2015 skal opp til politisk handsaming på kommunestyremøte i haust. Dersom laget ditt har planar om å søke om spelemidlar for neste år, er det difor svært viktig at dette blir meldt inn til kommunen v/kulturkonsulent innan **fredag 12.09.2014**. Handlingsprogrammet i Kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet 2014-2017 vil vere utgangspunkt for prioriteringa, og planen finn du på kommunen sine nettsider. Frist for innlevering av sjølve søknaden er 01.11.2014.

Bekymra og i tvil om kva du skal gjere? Snakk med KLAFF!

Har du bekymringar om eit eller fleire born si åtferd eller velferd – dine eigne eller andre – som du synes det kan være godt å drøfte med fagfolk? Då kan du møte oss i KLAFF til ei samtale.

KLAFF er ei uformell tverrfagleg gruppe bestående av PPT, helsesøster og barnevernstenesta, der du – forelder, nabo, fritidsleiar eller lærar, gjerne anonymt og uforpliktande kan ta opp bekymringar for born du kjenner til.

Møteplanen for KLAFF hausten 2014 ser slik ut:

Byrknes barnehage og skule

Måndag 29.09 kl. 10.00-11.30 (Frist innmelding av saker: 15.09).

Eivindvik barnehage og skule

Tysdag 30.09 kl. 12.00-13.30 (Frist innmelding av saker: 16.09).

Dalsøyra barnehage og skule

Fredag 17.10 kl. 09.00- 10.30 (Frist innmelding av saker: 03.10).

Brekke barnehage og skule

Måndag 20.10 kl. 09.00- 10.30 (Frist innmelding av saker: 06.10).

Dersom me ikkje får saker innan fristen, vert møtet avlyst. (Det vert ikkje sendt påminning).

Saker de ynskjer å ta opp, melder de til: gro.sandnes@masfjorden.kommune.no eller herfinn.takle@gulen.kommune.no

PPT-leiar
Tlf. 979 75 763

Besøksfamilie/støttefamilie

Besøksfamilie/støttefamilie og fritidskontaktar.

Gulen barnevernteneste treng besøksheimar/støtteheimar til barn og unge under 18 år. Å vere besøksheim/-støtteheim inneber at du tek i mot born eller ungdom ein eller fleire helgar i månaden, eller vekedagar. Det er viktig at du har plass til bornet eller ungdomen, både husrom og hjarterom. Du kan gjerne ha eigne barn, vere einsleg eller sambuar/gift, men du/de må vere eigna for oppdraget.

Vi treng også ungdom som ynskjer vere fritidskontaktar for andre unge. Krav om politiattest for alle oppdraga. Oppdraga vert løna.

Er dette noko for deg og din familie, ta kontakt med Gulen barnevernteneste, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik, eller e-post til jane.hesjedal@gulen.kommune.no eller på tlf 57 78 20 61.

Jane, Anne Marit og Heidi



Opningsfest av sansehagen og aktivitetstilbod

v/Dementavdelinga, Gulen Sjukeheim

Til alle som har bidrege til opparbeiding av sansehagen, enten økonomisk eller med praktisk arbeid, og til pårørende og tilsette.
Onsdag 10.09.2014, kl 17.00-19.00.

Program

Offisiell opning v/Ordførar Hallvard S. Oppedal og Brekke helselag
Synfaring i sansehagen
Servering
Sosialt samvær

Kle deg etter været.

Hjarteleg velkomen ☺

Helsing personalet ved dementavdelinga, Demensteamet og Brekke Helselag.

Open dag ved Fredheimstunet aktivitetssenter på Dalsøyra



Tysdag den 17.06.2014 hadde vi ope hus ved Fredheimstunet. Her vart det servert vaflar, kaffi, saft og frukt.

Vi valgte å ha ope hus for å reklamere litt og gi publikum høve til og sjå kva produkt vi kan tilby.

Senteret er eit dagtilbod for brukarar med særskilte behov. Vi har per. dags dato 5 aktive brukarar innom senteret.

Denne dagen fekk dei besøkande høve til å sjå kva vi driv med, som for eksempel: Vedproduksjon, tennbrikettar, kort for ulike høve og i tillegg dekorering av lys i ulike storleikar.

Det var òg sal frå eigen produksjon.

Takk til alle som tok turen innom oss denne dagen.

Om ein ynskjer å ta turen innom, er vi å treffe på torsdagar og fredagar frå kl. 09.00 til 14.00.

Det er og mogeleg å ta kontakt per telefon i opningstida for bestilling av varer:

Hilde Bøe Vabø tlf. 984 43 805 og Bjørg J. Haugland tlf. 480 01 126.

19. OKTOBER 2014

 **KIRKENS NØDHJELP**

TV-AKSJONEN 

19. oktober er det TV-aksjon!
«Vann forandrer alt»

TV-aksjonen 2014 går til Kirkens nødhjelp og deira arbeid med å skaffe nok vatn.

I år skal pengane frå TV-aksjonen gi ein million mennesker varig tilgang til reint vatn.
For berre 200 kroner kan du gi vatn til eit menneske for resten av livet

Informasjon frå tannklinikken

Frå veke 34 har vi nye opningstider

Måndag: kl 8-15
Tysdag: kl 8-17
Onsdag: kl 9-15
Torsdag stengt
Fredag: kl 8-13

Kvar torsdag er tannlege på Hardbakke Tannklinikk.

Neste utgåve av Infoposten

Neste utgåve av Infoposten vert distribuert i veke 41.